



**Lysmesser har vorte halde i fleire av Kvinnheradkyrkjene og sundag kveld var turen kome til Uskedalen. 125 var til stades og først i messa vart Emily Musland-Massey og Maren Haugland Gundersen døypt.**

Men aller først var det ein vakker inngangsprosesjon med 2009-konfirmantane i fokus (det øvste biletet). Dei spela også ei rolle som tekstlesarar der eit vers av 'Folkefrelsar' vart sunge etter kvar lesing (biletet under).

I preika si sa sokneprest Sven Harald Nilsen at ein held lysmesse fordi vi har godt av å sjå noko vakkert. - Det kan ikkje hende at vi får for mykje lys rundt oss eller inni oss. Men om vi går i mørket er eitt lys ofte tilstrekkeleg til at vi finn vegen. Slik er det også i trua, sa soknepresten.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

